



## Innkalling

**Delprosjekt: Politisk komite P2**

**Møtestad: Brattvåg, ID-huset**

**Dato: 15.03.19**

**Tid: 0900-1400**

**Møteleiar: Kari Grindvik**

<b>Deltakarar:</b>	<b>Kommune/repr.</b>
<b>Kari Grindvik</b>	<b><i>Skodje</i></b>
<b>Modolf Hareide</b>	<b><i>Skodje</i></b>
<b>Frode Andresen</b>	<b><i>Ørskog</i></b>
<b>Helene B. Fjørtoft</b>	<b><i>Ørskog</i></b>
<b>Nils Magne Abelseth</b>	<b><i>Sandøy</i></b>
<b>Åse Kristin Ask Bakke</b>	<b><i>Sandøy</i></b>
<b>Svein Harsjøen</b>	<b><i>Haram</i></b>
<b>Trine Otterlei</b>	<b><i>Haram</i></b>
<b>Geir Stenseth</b>	<b><i>Ålesund</i></b>
<b>Øystein Tvedt</b>	<b><i>Ålesund</i></b>
<b>Geir Skodje</b>	<b><i>Tillitsvald</i></b>
<b>Elin Moen</b>	<b><i>Adm</i></b>
<b>Irene K. Aase</b>	<b><i>Adm</i></b>
<b>Synnøve Vasstrand Synnes</b>	<b><i>Adm</i></b>
<b>Bente Glomset Vikhagen</b>	<b><i>Adm</i></b>

<b>Anny Sønnerland</b>	<b>Adm</b>
------------------------	------------

### **Sakliste**

- 1. Delegeringsreglement**
- 2. Rådsorgana i nye Ålesund kommune – høyring**



Nye  
**Ålesund**  
kommune

**Rådsorgan**

**Kommunelova § 5-12**

1. Innleiing.....	3
Lik regulering av dei tre medverknadsordningane så langt som mogleg.....	3
2. FELLES ORDNING FOR RÅDSORGANA.....	4
Organisatorisk plassering: .....	4
Administrativ ressurs: .....	4
Mynde:.....	4
Økonomi: .....	4
rapportering/oppfølging/tilbakemelding .....	4
Opplæring:.....	5
Arbeidsmåtar: .....	5
3. Ungdomsråd.....	5
Framlegg til reglement: .....	5
Funksjon:.....	5
Arbeidet i utvala – Saksgang – SaksFØReBUING .....	6
Valbarheit – Plikt til å ta imot valg.....	7
Val og samansetjing.....	7
Uttreden – Suspensjon – Fritak – Opprykk og nyval .....	7
4. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne .....	8
Framlegg til reglement: .....	8
Arbeidet i utvala – Saksgang – SaksFØReBUING .....	10
Valbarheit – Plikt til å ta imot valg.....	10
Val og samansetjing.....	10
Uttreden – Suspensjon – Fritak – Opprykk og nyval .....	11
5. Eldreråd.....	11
Framlegg til reglement: .....	11
Arbeidet i utvalgene – Saksgang – SaksFØRBUING .....	12
Valbarheit – Plikt til å ta imot valg.....	13
Val og samansetjing.....	13
Uttreden – Suspensjon – Fritak – Opprykk og nyval .....	13
6. Kommunelova § 5-12 rådsorgan.....	14

## 1. INNLEIING

Innbyggjarane si medverknad i kommunale avgjerdsprosesser er ein viktig del av eit levande lokaldemokrati. I og med at både eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom ofte er underrepresentert i folkevalde organ, vil ikkje alltid deira synspunkt og perspektiv vere del av saksgrunnlaget og debatten før kommunestyret fattar sine vedtak. For å sikre at vedtak ikkje vert teke før konsekvensar for dei gruppene det gjeld er vurdert, er det nødvendig at eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom får uttale seg. Lovfesta medverknadsordningar skal sikre ei brei, open og tilgjengeleg medverknad i saker som gjeld desse gruppene og bidreg til at saken blir betre opplyst.

Stortinget har også tatt stilling til kva rolle medverknadsorgana skal ha. Av ny kommunelov følgjer det at råda er rådgjevande organ for kommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjeld høvesvis eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom.

Det følgjer av ny kommunelov § 5-2 at medverknadsorgana er omfatta av definisjonen andre kommunale organ.

Sidan medlemmane til medverknadsorgana skal veljast av kommunestyret, betyr dette at medlemmene inngår i definisjonen av folkevalde etter § 5-1. Reglane i den nye kommunelova som gjeld for folkevalde vil med det også gjelde for medlemmane i medverknadsorgana.


### LIK REGULERING AV DEI TRE MEDVERKNADSORDNINGANE SÅ LANGT SOM MOGLEG

Dei tre medverknadsordningane er rådgjevande organ innan ulike saksområder. Målet med medverknadsordningane er likevel det same – å sikre medverknad. Departementet foreslår at utgangspunktet er like regler for dei tre ordningane, med mindre det er særlege grunnar som talar for at det er behov for ulik regulering. Lik utforming av reglar om oppgåver, organisering og sakshandsaming for råda vil innebere at regelverket for dei tre råda blir meir oversiktleg. Dette vil kunne vere ein fordel for både medlemmar i råda, kommuneadministrasjonen og politikarane i kommunen.

Oppgåva til råda er å vere rådgjevande organ for kommunen. Råda har rett til å uttale seg om saker som gjeld høvesvis eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom. For at råda sin rett til å uttale seg skal vere ein realitet, er det ein føresetnad at råda mottak saker på eit så tidleg tidspunkt at rådet sine uttalar kan ha høve til å påverke utfallet av saka. Dersom saka i realiteten er avgjort på det tidspunktet rådet mottak saka, vil ikkje rådet kunne utføre sin lovpålagde oppgåve som rådgjevande organ for kommunen.

## 2. FELLES ORDNING FOR RÅDSORGANA

**ORGANISATORISK PLASSERING:** Rådsorgana er organisatorisk plassert under rådmann, på lik line med kommunedelutvala.



**ADMINISTRATIV RESSURS:** Det skal settast av tilstrekkeleg, felles administrativ ressurs for råda, plassert og koordinert frå politisk sekretariat, i nært samarbeid med rådmann. For at råda skal få utført sine oppgåver er det naudsynt at råda får tilstrekkeleg sekretariatshjelp. Dette vil td kunne vere bestilling av møterom, møteinnkalling, utforming av sakliste, føring av møtereferat og utsending av uttalar.

Råda har rett til å uttale seg om kvar i administrasjonen sekretariatet skal plasserast, kor stor stillingsbrøk sekretariatet skal ha og kva oppgåver sekretariatet skal ha.

**MYNDE:** Kommunelova slår fast at dette er rådsorgan og dei kan difor ikkje ha vedtaksmynde.

**ØKONOMI:** Politisk sekretariat skal ha budsjettansvaret. Dette dekkjer møtegodtgjersle og lønn til sekretariat. I tillegg skal det ligge ein budsjettpost knytt til kurs og samlingar. Dette inneber at rådsorgana søkjer om midlar til deltaking på samlingar som gjeld organet sitt arbeid.

### RAPPORTERING/OPPFØLGJING/TILBAKEMELDING

Det skal etablerast ei rutine for tilbakemelding/statusoppdatering til rådsorgana på saker som er reist eller er/har vore til handsaming i rådsorgan.

Rådsorgan skal kvart år utarbeide melding om arbeidet i rådet. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret og bør innehalde eit oversyn over all aktivitet, td eigne møter,

representasjon i andre kommunale møter, deltaking eksterne møter og samlingar, samt saker rådsorganet har arbeidd med.

**OPPLÆRING:** medlemmane i rådsorgana skal ha opplæring i rådsorgana sine ansvarsområde, i tillegg til opplæring i den generelle politikaropplæringa: organisering, arbeidsmåtar, reglement, habilitet, kontroll og klage.

### ARBEIDSMÅTAR:

Prinsipp om tidleg involvering er viktig- difor må organisasjonen/sakshandsamar innarbeide gode, interne rutinar som sikrar rådsorgana og deira rolle, slik at dei vert teke med i både initierande/innleiande fase, utgreiingsarbeid og evalueringar.

Rådsorgana skal kunne samhandle med kommunestyret og deira komitear, innbyggjartorg, brukarutval, kommunedelutval og andre folkevalde organ, lag/organisasjonar og andre frivillige grupper.

Som del av arbeidet i rådsorgana, kan dei etablere arbeidsutval, med eigne medlemmar.

Rådsorgana kan sjølve organiser eigne uformelle undergrupper med personar utanfor rådsorganet etter ønskje og ved behov. Desse undergruppene vil ikkje vere del av den politiske organisasjonen og vil ikkje kunne krevje administrative eller økonomiske ressursar , heller ikkje vil det gi godtgjersle.

## 3. UNGDOMSRÅD

- Eitt sentralt organ for kommunen
- Tal på medlemmar 11 (speglar talet på kommunedelar ) 13 varamedlemmar
- To kontaktperson som er kommunestyrerepresentantar.
- Kommunestyret som formelt oppnemner rådet.

### FRAMLEGG TIL REGLEMENT:

**Heimel:** Kommunelova § 5-12

#### **Formål/funksjon:**

(1) Gjennom ungdomsrådet skal kommunen sikre brei, open og tilgjengeleg medverknad frå dei unge i eit breitt spekter av saker.

(2) Ungdomsrådet skal fungere som talerør for ungdom inn mot kommunens politiske organ og administrasjon, og er høyringsinstans i saker som har konsekvensar for ungdom.

(3) Ungdomsrådet skal inspirere ungdom i Ålesund til å delta i den demokratiske prosess og engasjere ungdom i praktisk politisk arbeid.

(4) Ungdomsrådet skal fremme aktivitetar, skape idear og saman med andre organ arbeide for nye tiltak til gagn for ungdom.

#### **Mynde og oppgåver:**

(1) Ungdomsrådet er eit rådgivande organ for kommunen i alle spørsmål som gjeld ungdom. Rådet vert oppnemnd av og får sitt mandat frå kommunestyret.

(2) Ungdomsrådet har rett til å uttale seg i saker som vedkjem dei unge. Slike saker skal kommunestyret legge fram for rådet. Kommunestyret skal etablere rutinar som sikrar at rådet mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalen frå råda har høve til å påverke utfallet av saka. Uttalen frå rådet skal følgje saka heilt fram til det organet som endeleg avgjer saka.

(3) Ungdomsrådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem dei unge i kommunen.

(4) Ungdomsrådet kan ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar eller engasjere seg i enkeltvedtak som er klaga på med heimel i lov. Rådet skal likevel vere oppteke av brukarmedverknad på generelt grunnlag og kan difor ta opp enkeltsaker med tanke på forbetring av kommunale tenester for dei unge både med omsyn til kvalitet og kvantitet.

(5) Ungdomsrådet har rett til å uttale seg før kommunen etablerer eit eigna sekretariat for rådet, vedtek budsjett og gir utfyllande reglar for saksgang og saksførebuing i rådet.

(6) Ungdomsrådet, ved leiaren eller ein annan representant, har møte og talerett for å legge fram rådet sine saker for kommunestyret.

(7) Ungdomsrådet skal kvart år utarbeide ei årsmelding med oversikt over mandat, medlemmar, saker rådet har handsama i året, uttalar rådet har gitt og anna relevant informasjon om arbeidet. Årsmeldinga skal leggst fram for kommunestyret.

### **ARBEIDET I UTVALA – SAKSGANG – SAKSFØREBUING**

(1) Arbeidet i Ungdomsrådet er regulert gjennom kommunelova, offentleglova, forvaltingslova og eige reglement for arbeidet (sakshandsaming) i folkevalde organ.

(2) Kommunen sine vedtekne prinsipp for innbyggjarinitiativ og brukarmedverknad skal følgjast så langt som råd.

(3) Ungdomsrådet kan ta opp saker på eige initiativ eller på bakgrunn av kontakt med innbyggjarane og brukarane av kommunale tenester. Slike saker skal sendast over til ordføraren som gjennom formannskapet eller kommunestyrekomiteane kan pålegge rådmannen å utgreie saka. Alternativt kan det opprettast særskilt(e) oppgåveutval for å utgreie oppgåva.

(5) Ungdomsrådet skal ha innstillingsrett til formannskapet i saker som gjeld tildeling av økonomisk støtte og prisar innanfor sitt område.



(5) Saksutgreiing frå rådmannen skal sendast over til politisk sekretariat som varslar rådsleiaren om saka. Rådsleiar set opp dagsorden for det enkelte møte og avgjer soleis kva saker som handsamast når, så sant ikkje minst 1/3 av rådsmedlemmane krev noko anna.

(6) Rådmannen skal sjå til at saker som skal leggjast fram for Ungdomsrådet, er forsvarleg førebudd og utgreidd. Rådmannen har plikt til å gjere merksam på eventuelle svakheiter og manglar i saksframlegget, påpeike rettslege manglar eller tvistespørsmål og om vedtaket eventuelt blir ulovleg.

(7) Ungdomsrådet skal ha tilbakemelding om vedtak i saker som rådet har uttala seg om.

## VALBARHEIT – PLIKT TIL Å TA IMOT VALG

1. Kven som er valbar og har plikt til å ta imot val: alle som har stemmerett ved valet, og som ikkje er utelukka eller friteken jf kommunelova § 7-2 og 7-3
2. For ungdomsrådet gjelder følgjande:
  - a) Valbarheita er avgrensa til ungdom i alderen 14 - 21 år. Den som ikkje er fylt 14 år, men som er elev i 8. klasse i valåret, er likevel valbar. Medlemmane i ungdomsrådet skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.
3. Reglane i kommunelova om forholdstalsval gjeld ikkje.

## VAL OG SAMANSETJING

(1) Ungdomsrådet har 11 medlemmar og 13 varamedlemmar i rekkefølgje, som vert oppnemnde av kommunestyret etter framlegg frå organisasjonar som representerer ungdomane. Dette inkluderer også elevråd, fritidsklubbar, ungdomshus mv.

(2) Valet gjeld for to år.

(3) Ungdomsrådet vel sjølv leiar og nestleiar. Valet vert halde som fleirtalsval.

(4) Kommunelova sitt krav om at begge kjønn skal vere representert, gjeld.

(5) Ungdomsrådet kan opprette arbeidsutval og arbeidsgrupper etter eige ønske og behov.

(6) Ungdomsrådet skal ha to kontaktpersonar som er medlem av kommunestyret. Kontaktpersonane vert oppnemnd av kommunestyret for 4 år.

## UTTREDEN – SUSPENSJON – FRITAK – OPPRYKK OG NYVAL KL §7-9 OG 7-10

(1) Ved tap av valbarheit trer vedkomande medlem endeleg ut av organet. Ved registrert utflytting for to år eller mindre trer vedkomande ut av vervet for den tid utflyttinga varer.

(2) Kommunestyret sjølv kan vedta å suspendere frå vervet den som det eventuelt er reist sikting eller tiltale mot for straffbare tilhøve i straffelova kapittel 11, 24, 25, 26, 33 eller 40, og siktinga knyter seg til utøving av verv eller teneste for kommunen.

(3) Formannskapet kan, etter søknad, frita den som for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, ikkje utan store vanskar eller belastningar kan skjøtte sine plikter i vervet som medlem av ungdomsrådet.

(4) Opprykk og nyval skjer i samsvar med reglane i kommunelova.

## 4. RÅD FOR PERSONAR MED FUNKSJONSnedsetjing

- Eitt sentralt organ for kommunen
- Tal på medlemmar 7-11
- Aktuelle lag/organisasjonar for menneske med nedsett funksjonsevne kan foreslå kandidatar til rådet
- Det vert ikkje lagt opp til gjennomgåande representasjon. Kommunestyret kan velje av sine faste representantar, dersom dei elles fyller vilkåra for å bli vald, men desse skal ikkje vere leiar eller nestleiar.
- Rådet vel sjølv leiar og nestleiar.

### FRAMLEGG TIL REGLEMENT:

**Heimel:** KommuneLova § 5-12

#### **Formål/funksjon:**

(1) Gjennom rådet for personar med funksjonsnedsetjing skal kommunen sikre brei, open og tilgjengeleg medverknad frå denne gruppa i eit breitt spekter av saker.

(2) Rådet for personar med funksjonsnedsetjing skal fungere som talerør for ungdom inn mot kommunens politiske organ og administrasjon, og er høyringsinstans i saker som har konsekvensar for personar med funksjonsnedsetjing.

(3) Rådet for personar med funksjonsnedsetjing skal inspirere denne gruppa i Ålesund til å delta i den demokratiske prosess og engasjere dei i praktisk politisk arbeid.

(4) Rådet for personar med funksjonsnedsetjing skal fremme aktivitetar, skape idear og saman med andre organ arbeide for nye tiltak til gagn for personar med funksjonsnedsetjing.

#### **Mynde og oppgåver:**

(1) Rådet for personar med funksjonsnedsetting er eit rådgivande organ for kommunen i alle spørsmål som gjeld levekår for menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet vert oppnemnd av og får sitt mandat frå kommunestyret.

(2) Rådet for personar med funksjonsnedsetting skal få til handsaming alle saker som gjeld levekår for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld mellom anna tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne, og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne.

(3) Rådet for personar med funksjonsnedsetting har rett til å uttale seg i saker som vedkjem personar med funksjonsnedsetting. Slike saker skal kommunestyret legge fram for rådet. Kommunestyret skal etablere rutinar som sikrar at rådet mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalen frå rådet har høve til å påverke utfallet av saka. Uttalen frå rådet skal følgje saka heilt fram til det organet som endeleg avgjer saka.

(4) Rådet har ei sentral oppgåve med å medverke aktivt i planprosessar som vert utført av kommunen, andre offentlege organ eller private.

Rådet skal likestillast med dei høyringsinstansane som er nemnd i plan- og bygningslova, jf blant anna § 5-2.

Søknadsppliktige tiltak som gjeld nybygg og anlegg rekna for ålmenta, jf opplisting i plan- og bygningslova § 12-5 andre ledd nr 1, skal leggast fram for rådet til uttale før endeleg godkjenning vert gitt.

Rådet har høve til å påpeike forhold som rådet meiner er brot på eller i strid med reglane i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova. Dette kan takast opp med den rådet meiner er ansvarleg for at slikt brot eller slik strid ikkje skal oppstå, eller direkte med Likestillings- og diskrimineringsombodet.

Rådet kan medverke til å utvikle eller betre tenestene etter helse- og sosiallovgivinga som personar med funksjonsnedsetting som gruppe skal eller bør ha.

(5) Rådet for personar med funksjonsnedsetting kan sjølv ta opp saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen.

(6) Rådet for personar med funksjonsnedsetting kan ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar eller engasjere seg i enkeltvedtak som er klaga på med heimel i lov. Rådet skal likevel vere oppteke av brukarmedverknad på generelt grunnlag og kan difor ta opp enkeltsaker med tanke på forbetring av kommunale tenester for menneske med nedsett funksjonsevne både med omsyn til kvalitet og kvantitet.

(7) Rådet for personar med funksjonsnedsetting har rett til å uttale seg før kommunen etablerer eit eigna sekretariat for rådet, vedtek budsjett og gir utfyllande reglar for saksgang og saksførebuing i rådet.

(8) Rådet for personar med funksjonsnedsetting, ved leiaren eller ein annan representant, har møte- og talerett for å legge fram rådet sine saker for kommunestyret.

(9) Rådet for personar med funksjonsnedsetting skal kvart år utarbeide ei årsmelding med oversikt over mandat, medlemmar, saker rådet har handsama i året, uttalar rådet har gitt og anna relevant informasjon om arbeidet. Årsmeldinga skal leggast fram for kommunestyret.

## ARBEIDET I UTVALA – SAKSGANG – SAKSFØREBUING

(1) Arbeidet i Rådet for personar med funksjonsnedsetting er regulert gjennom kommunelova, offentleglova, forvaltningslova og eige reglement for arbeidet (sakshandsaming) i folkevalde organ.

(2) Kommunen sine vedtekne prinsipp for innbyggjarinitiativ og brukarmedverknad skal følgjast så langt som råd.

(3) Rådet for personar med funksjonsnedsetting kan ta opp saker på eige initiativ eller på bakgrunn av kontakt med innbyggjarane og brukarane av kommunale tenester. Slike saker skal sendast over til ordføraren som gjennom formannskapet eller kommunestyrekomiteane kan pålegge rådmannen å utgreie saka. Alternativt kan formannskapet eller komiteane opprette særskilt(e) arbeidsgruppe(r) / oppgåveutval for å utgreie oppgåva.

(4) Saksutgreiing frå rådmannen skal sendast over til politisk sekretariat som varslar rådsleiaren om saka. Rådsleiar set opp dagsorden for det enkelte møte og avgjer soleis kva saker som handsamast når, så sant ikkje minst 1/3 av rådsmedlemmane krev noko anna.

(5) Rådmannen skal sjå til at saker som skal leggjast fram for Rådet for personar med funksjonsnedsetting, er forsvarleg førebudd og utgreidd. Rådmannen har plikt til å gjere merksam på eventuelle svakheiter og manglar i saksframlegget, påpeike rettslege manglar eller tvistespørsmål og om vedtaket eventuelt blir ulovleg.

(6) Rådet for personar med funksjonsnedsetting skal ha tilbakemelding om vedtak i saker som rådet har uttala seg om.

## VALBARHEIT – PLIKT TIL Å TA IMOT VALG

4. (1) Kven som er valbar og har plikt til å ta imot val: alle som har stemmerett ved valet, og som ikkje er utelukka eller friteken, jf kommunelova § 7-2 og 7-3.

(2) For rådet for personar med funksjonsnedsetting gjeld følgjande: rådet sin medlemmar skal representerer personar med ulike funksjonsnedsettingar.

## VAL OG SAMANSETJING

(1) Rådet for personar med funksjonsnedsetting vert vald av kommunestyret sjølv.

(2) Rådet for personar med funksjonsnedsetting har 7-9 medlemmar, og skal veljast etter framlegg organisasjonar for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen. Framlegg frå organisasjonane bør følgjast så sant føreslåtte kandidatar er valbare etter reglane i

kommunelova. Rådet skal ha 2 fleire vararepresentantar enn faste medlemmar, vald i rekkefølge. Rådet for personer med funksjonsnedsetting bør bestå av personar med ulik erfaring og bakgrunn for å sikre at rådet representerer personar med ulike funksjonsnedsettingar.

(3) Valet gjeld for den kommunale valperioden på 4 år

(4) Rådet for personar med funksjonsnedsetting vel sjølv leiar og nestleiar. Valet skal haldast som fleirtalsval.

(5) Kommunelova sitt krav om at begge kjønn skal vere representert, gjeld.

#### UTTREDEN – SUSPENSJON – FRITAK – OPPRYKK OG NYVAL KL § 7-9 OG 7-10

(1) Ved tap av valbarheit trer vedkomande medlem endeleg ut av organet. Ved registrert utflytting for to år eller mindre trer vedkomande ut av vervet for den tid utflyttinga varer.

(2) Kommunestyret sjølv kan vedta å suspendere frå vervet den som det eventuelt er reist sikting eller tiltale mot for straffbare tilhøve i straffelova kapittel 11, 24, 25, 26, 33 eller 40, og siktinga knyter seg til utøving av verv eller teneste for kommunen.

(3) Formannskapet kan, etter søknad, frita den som for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, ikkje utan store vanskar eller belastningar kan skjøtte sine plikter i vervet som medlem av rådet.

(4) Opprykk og nyval skjer i samsvar med reglane i kommunelova.

## 5. ELDRERÅD

- Eitt sentralt organ for kommunen
- Tal på medlemmar 11
- Aktuelle lag/organisasjonar for eldre kan foreslå kandidatar til eldrerådet
- Det vert ikkje lagt opp til gjennomgåande representasjon. Kommunestyret kan velje av sine faste representantar, dersom dei elles fyller vilkåra for å bli vald, men desse skal ikkje vere leiar eller nestleiar.

#### FRAMLEGG TIL REGLEMENT:

**Heimel:** Kommunelova § 5-12

**Formål/funksjon:**

(1) Gjennom eldrerådet skal kommunen sikre brei, open og tilgjengeleg medverknad frå dei eldre i eit breitt spekter av saker.

(2) Eldrerådet skal fungere som talerør for ungdom inn mot kommunens politiske organ og administrasjon, og er høyringsinstans i saker som har konsekvensar for ungdom.

(3) Eldrerådet skal inspirere eldre i Ålesund til å delta i den demokratiske prosess og engasjere i praktisk politisk arbeid.

(4) Eldrerådet skal fremme aktivitetar, skape idear og saman med andre organ arbeide for nye tiltak til gagn for dei eldre.

### **Mynde og oppgåver:**

(1) Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen i alle spørsmål som gjeld dei eldre. Rådet vert oppnemnd av og får sitt mandat frå kommunestyret.

(2) Eldrerådet skal få til handsaming alle saker som gjeld levkår for eldre. Eldrerådet har rett til å uttale seg i saker som vedkjem dei eldre. Slike saker skal kommunestyret legge fram for rådet. Kommunestyret skal etablere rutinar som sikrar at rådet mottok sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalen frå rådet har høve til å påverke utfallet av saka. Uttalen frå rådet skal følgje saka heilt fram til det organet som endeleg avgjer saka.

(3) Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem dei eldre i kommunen.

(4) Eldrerådet kan ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar eller engasjere seg i enkeltvedtak som er klaga på med heimel i lov. Rådet skal likevel vere oppteke av brukarmedverknad på generelt grunnlag og kan difor ta opp enkeltsaker med tanke på forbetring av kommunale tenester for dei eldre både med omsyn til kvalitet og kvantitet.

(5) Eldrerådet har rett til å uttale seg før kommunen etablerer eit eigna sekretariat for rådet, vedtek budsjett og gir utfyllande reglar for saksgang og saksførebuing i rådet.

(6) Eldrerådet, ved leiaren eller ein annan representant, har møte- og talerett for å legge fram rådet sine saker for kommunestyret.

(7) Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei årsmelding med oversikt over mandat, medlemmar, saker rådet har handsama i året, uttalar rådet har gitt og anna relevant informasjon om arbeidet. Årsmeldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

## **ARBEIDET I UTVALGENE – SAKSGANG – SAKSFØRBUING**

(1) Arbeidet i eldrerådet er regulert gjennom kommunelova, offentleglova, forvaltingslova og eige reglement for arbeidet (sakshandsaming) i folkevalde organ.

(2) Kommunen sine vedtekne prinsipp for innbyggjarinitiativ og brukarmedverknad skal følgjast så langt som råd.

(3) Eldrerådet kan ta opp saker på eige initiativ eller på bakgrunn av kontakt med innbyggjarane og brukarane av kommunale tenester. Slike saker skal sendast over til ordføraren som gjennom formannskapet eller kommunestyrekomiteane kan pålegge

rådmannen å utgreie saka. Alternativt kan formannskapet eller komiteane opprette særskilt(e) arbeidsgruppe(r) / oppgåveutval for å utgreie oppgåva.

(4) Saksutgreiing frå rådmannen skal sendast over til politisk sekretariat som varslar rådsleiaren om saka. Rådsleiar set opp dagsorden for det enkelte møte og avgjer soleis kva saker som handsamast når, så sant ikkje minst 1/3 av rådsmedlemmane krev noko anna.

(5) Rådmannen skal sjå til at saker som skal leggst fram for eldrerådet, er forsvarleg førebudd og utgreidd. Rådmannen har plikt til å gjere merksam på eventuelle svakheiter og manglar i saksframlegget, påpeike rettslege manglar eller tvistespørsmål og om vedtaket eventuelt blir ulovleg.

(6) Eldrerådet skal ha tilbakemelding om vedtak i saker som rådet har uttala seg om.

## VALBARHEIT – PLIKT TIL Å TA IMOT VALG

(1) Kven som er valbar og har plikt til å ta imot val går fram av kommunelova, jf § 7-2 og 7-3.

(2) For eldrerådet gjeld følgjande unntak: Kommunelova sine reglar om forholdsval gjeld ikkje.

## VAL OG SAMANSETJING

(1) Eldrerådet vert vald av kommunestyret sjølv.

(2) Eldrerådet har 11 medlemmar, og skal veljast etter framlegg frå pensjonistforeiningane i kommunen. Rådet skal ha 2 fleire vararepresentantar enn faste medlemmar, vald i rekkefølge. Fleirtalet av medlemmane i eldrerådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.

(3) Valet gjeld for den kommunale valperioden og eldrerådet kan ikkje leggjast ned eller omorganisert i perioden.

(4) Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar. Valet skal haldast som fleirtalsval.

(5) Kommunelova sitt krav om at begge kjønn skal vere representert, gjeld.

## UTTREDEN – SUSPENSJON – FRITAK – OPPRYKK OG NYVAL KL § 7-9 OG 7-10

(1) Ved tap av valbarheit trer vedkomande medlem endeleg ut av organet. Ved registrert utflytting for to år eller mindre trer vedkomande ut av vervet for den tid utflyttinga varer.

(2) Kommunestyret sjølv kan vedta å suspendere frå vervet den som det eventuelt er reist sikting eller tiltale mot for straffbare tilhøve i straffelova kapittel 11, 24, 25, 26, 33 eller 40, og siktinga knyter seg til utøving av verv eller teneste for kommunen.

(3) Formannskapet kan, etter søknad, frita den som for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, ikkje utan store vanskar eller belastningar kan skjøtte sine plikter i vervet som medlem av eldrerådet.

(4) Opprykk og nyval skjer i samsvar med kommunelova.

## 6. KOMMUNELOVA § 5-12 RÅDSORGAN

### § 10 b. *Råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom*

Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd og et råd for personer med funksjonsnedsettelse. Flertallet av medlemmene i eldrerådet skal på valgtidspunktet ha fylt 60 år.

Kommunestyret eller fylkestinget kan selv velge et ungdomsråd. Ungdomsrådet skal ha en valgperiode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år.

Rådene er rådgivende organer for kommunen eller fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjelder henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.

Kommunestyret eller fylkestinget kan selv etablere en annen medvirkningsordning for ungdom enn et ungdomsråd. Andre ledd andre og tredje punktum og tredje ledd gjelder tilsvarende for funksjonstiden og oppgavene til en slik annen medvirkningsordning og valgperioden for representanter til ordningen.

Departementet gir forskrift om oppgaver, organisering og saksbehandling for rådene og en annen medvirkningsordning for ungdom.



## HØYRINGSBREV

Etablering av rådsorgan er heimla i kommunelova § 5-12.

Ny kommunelov vert iverksett frå den dato nytt kommunestyre konstituerer seg.

Forskrift for for rådsorgan er under utarbeiding sentralt og er no ute på høyring med frist 1.april 2019.

Utkastet til organisering av og reglement for rådsorgana i Ålesund kommune legg til grunn ny kommunelov og framlegg til forskrift. Eventuelle endringar i forskrifta vil måtte takast omsyn til og vil måtte innarbeidast i reglementet.

Tilbakemeldingar og innspel frå rådsorgana er teke omsyn til og prøvd å få innarbeidd i framlegget så langt lov og forskrift opnar for det.

Vi ønskjer tilbakemelding og alle element i framlegget kan sjølvstøtt kommenterast. Vi har under kommentert nokre av elementa vi spesielt ber om at de ser på.

Frist: 1. april 2019

### OVERSIKT OVER VIKTIGE SPØRSMÅL DER VI ØNSKJER TILBAKEMELDINGAR:

- Utfordrer intensjonsavtalen på punktet om gjennomgåande representasjon Framlegget legg ikkje opp til at kommunestyrerepresentantar i utgangspunktet skal veljast til faste medlemmar i råda.
- Tal på medlemmar: 11 , medan råd for personar med funksjonsnedsetjing er framlegget 7-9, dette i tråd med tilbakemeldingane frå FUNK i Ålesund og fellesmøtet 17.01.2019 på Skodje.
- Det må settast av tilstrekkeleg administrativ ressurs: i framlegget til forskrift er det framlegg om å sjå samla på behovet for sekretariat. Det er naturleg å stipulere dette samla for sekretariatet eller minimum samla for kommunedelutval og rådsorgan.
- Vi må ha ein oversikt over aktuelle skular og lag/organisasjonar som kan foreslå kandidatar til dei ulike råda- obs lærlingar og andre i same aldersgruppe. Vi ber difor om at råda prøver å lage ei liste over aktuelle lag og organisasjonar som er aktuelle til å foreslå kandidatar.

- Val/samansetjing **ungdomsråd**: det har vore ulike ordningar i dei 5 kommunane. Vi ber om tilbakemelding på moglege måtar å organisere arbeidet med å få fram namn på kandidatar. Slik lova er formulert er det kommunestyret som formelt skal oppnemne råda og dette gjeld då også ungdomsrådet.

Ungdomsrådet: 11 medlemmar og 13 varamedlemmar

- a) Skal det vere 1 frå kvar kommunedel?
- b) Det kan vere ulike måtar å peike ut kandidatar: korleis skal vi organisere?

Alternativ 1 : Ungdomsrådet, i samarbeid med elevråda i kommunedelen organiserer utpeiking av 3 personar som vil stille ( minst 40% av kvart kjønn)

Alternativ 2: vert valdde av deltakarar på Ungdomskonferanse/møte i kvar kommunedel etter følgjande reglar:

- a) Kommunedelutvala, ungdomsrådet og elevråda ved ungdomsskulane og vidaregåande skular arrangerer Ungdomskonferanse eller anna ope møte for ungdom mellom 15. og 30. januar kvart år. Konferansen/møtet er ope for all ungdom i alderen 14 - 21 år.
- b) Val av ungdomsråd vert gjennomført kvart år, der halvparten av medlemmane vert valde kvart år. Dette for å skape stabilitet i rådets kompetanse. Frå kvar av kommunedelane skal det innstillast 3 ungdomar, minst ein av kvart kjønn.
- c) Seinast i løpet av valdagen skal det føreligge navn på minst 5 kandidater ( minst 40 % av kvart kjønn) som stiller til val som medlemmer og varamedlemmer. Namna skal gjerast kjend for deltakerane før valet vert gjennomført.
- d) Stemmerett har alle frå kommunedelen i alderen 14-21 år.
- e) Valet skjer skriftleg ved at kvar deltaker fører opp inntil 3 namn på stemmesetelen. Det er høve til å levere stemmesetel utan namn (blank stemme).
- f) Kandidatane vert valde ved fleirtalsval.

Alternativ 3: Har de andre framlegg?